

Planarbeid

Sveio kommune, 2023



INNHALD

Oppdraget.....	3
Samandrag.....	4
Rådmannen sin kommentar.....	10
1 Fakta og vurderingar.....	11
1.1 Metodisk tilnærming og avgrensing.....	11
1.2 Generelt om det kommunale plansystemet	13
1.3 Korleis er forholdet mellom planleggingskapasitet og vedtak om planutarbeiding?.....	18
1.4 Kommuneplan for Sveio 2020-32.....	21
1.5 Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34	27
1.6 Næringsplan for Sveio kommune 2022-27	33
1.7 Jordbruksplan 2022-27	36
1.8 Oppsummering og konklusjon	38
2 Vedlegg.....	41

OPPDRAGET

<p>Bestilling:</p> <p>Kontrollutvalet i Sveio kommune bestilte 31.01.2022 ein forvaltningsrevisjon om kommunen sitt planarbeid.</p>	<p>Problemstillingar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kven tek initiativ til planane?○ Er planane politisk eller administrativt initierte, eller blir dei utarbeida som ein følgje av statlege føringar eller liknande?• Korleis er forholdet mellom planleggingskapasitet og vedtak om planutarbeiding?• I kva grad blir planar utarbeida ved hjelp av konsulentbistand kommunen har kjøpt inn?• I kva grad er planane egna som styringsverktøy?
<p>Føremål:</p> <p>Føremålet med prosjektet er å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følgt opp.</p>	

Prosjektleder for denne rapporten har vore forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen. Rapporten er kvalitetssikra av leder for forvaltningsrevisjon, Silje Nygård.

SAMANDRAG

Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane blir følgt opp. I møte 31.01.2022 valde Kontrollutvalet ut fire planar som case for å belysa problemstillingane i mandatet. I prosjektet har vi sett nærmare på følgjande plandokument, som alle er under utarbeiding hausten 2022:

- Kommuneplan med samfunnsdel 2020-32 (versjon per 29.08.2022).
- Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34. Her har vi lagt høyringsutkastet til grunn. Høyringsfristen var 25.08.2022.
- Næringsplan for Sveio kommune 2022-27. Her har vi lagt høyringsutkastet til grunn. Høyringsfristen var 20.08.2022.
- Sveio kommune har ingen eigen jordbruksplan, men landbruk eit av fleire tema i Næringsplan for Sveio kommune 2022-27.

Vi har òg sett nærare på kommunen sin overordna Planstrategi, som blir rullert kvart fjerde år.

Hovudbodskap/konklusjonar

- I planarbeidet har Sveio kommune etter vår vurdering utfordringar med å halda ønskja framdrift i takt med vedtekne Planstrategi. Dette gjeld spesielt Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34, i tillegg til fleire andre planar¹.
- Kommunen har hausten 2022 satt i verk fleire tiltak for å spissa fokus på overordna planlegging og for å auka kapasiteten.
- I forslaget til ny Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 kan kommunen med fordel tydeleggjere plandokumenta si juridiske status. Dette kjem ikkje tydeleg nok fram i høyringsutkastet, etter vår vurdering.

Forholdet mellom planleggingskapasitet og vedtak om planutarbeiding

Over tid har Sveio kommune hatt utfordringar knytt til framdrifta i planarbeidet. Særleg gjeld dette arbeidet med ny kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum. I intervju får vi opplyst at bakgrunnen for manglande framdrift har vore det store talet på prosjekt og oppgåver til planavdelinga. Samstundes har avdelinga tidvis opplevd manglande kapasitet og bemanning,

¹ For ein fullstendig oversikt, sjå rapportens vedleggsdel

grunna utfordringar knytt til rekruttering til fagstillingar, og i ein periode fekk kommunen vakanse i stillinga som samfunnsplanleggjar. Hausten 2022 er planavdelinga igjen fulltalig, men for den nyttilsette samfunnsplanleggjaren har det vore tidkrevjande å ta over arbeidet førre samfunnsplanleggjar hadde hand om, får vi opplyst.

I intervju blir det framheva at den kraftige forseinkinga til ny kommuneplan òg heng saman med ei politisk prioritering. Ved fleire høve har kommuneadministrasjonen gitt beskjed om at planavdelinga har for lite kapasitet til å drive både planprosessane knytt til ny kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum. Kapasitet og prioritering av planar har vore tema i fleire møte, både i Hovudutval Teknisk og næring (styringsgruppa for sentrumsplanen) og i Formannskapet (styringsgruppa for kommuneplanen)².

I intervju framhev kommuneadministrasjonen at det frå politisk hald har vore uttrykt ønskje om mange planar, men at planavdelinga ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til å etterleve alle ønskja. Dette er dessutan ønskjer som ikkje er forankra i kommunen sin vedtekne planstrategi, som til dømes ønskje om ein eigen Jordbruksplan og ein Reguleringsplan for badeanlegg.

I løpet av 2023 vil Sveio kommune gjennomføre ei intern omorganisering, for å spisse fokus og sikra raskare framdrift i overordna planarbeid planarbeidet. Frå årsskiftet 2022/23 vil kommunen få ei ny eining kalla «Samfunnsutvikling», som vil få ansvaret for overordna planlegging i kommunen. I tillegg vil eininga få ansvar for deler av kulturområdet, kor ein del av utviklings- og byggeprosjekta i kommunen er plassert. Forutan nyttilsett leiar, vil eininga bestå av samfunnsplanleggjar og to konsulentar.

Frå årsskiftet 2022/23 vil dessutan kommunen sin samfunnsplanleggjar få endra si stilling, slik at vedkommande kan arbeida med overordna planlegging på heiltid, medan oppgåva som beredskapskoordinator (20 prosent av stillinga) blir lagt til ei anna eining. Dessutan vil kommunen sin folkehelsekoordinator bli knytt til eininga. Dette er tiltak som etter vår vurdering vil styrka kommunen sitt fagmiljø på planområdet, og sikra raskare framdrift i planarbeidet.

I samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet har vi saman med kommunen gått igjennom kva planar i Planstrategien som så langt er utarbeida og kva planar som er under utarbeiding, per november 2022. For å få ein oversikt over dette, er det lagt ei komplett oversikt i rapporten sin

²Formannskapet 8. februar 2021 under orienteringar, og i Hovudutval Teknisk og næring: 10 november 2020, 11 mai 2020, 16. november 2021 og 18 mai 2022.

vedleggsdel. Oversikta inneheld ein kort omtale av status for arbeidet med kvar einskild plan som er ført opp i kommunen sin planstrategi for inneverande periode.

Initiativ til planane

Vår gjennomgang syner at alle planane vi har sett nærmare på i denne forvaltningsrevisjonen, er politisk initierte. Den 14.03.2016 vedtok kommunestyret at arbeidet med ein ny planstrategi skulle starte opp. Samstundes som kommunestyret gjorde dette vedtaket, blei det avklart at kommunen skulle starta arbeidet med å utarbeida ein ny kommuneplan. Og arbeidet med Kommunedelplan for Sveio Sentrum starta med eit vedtak i kommunestyret.

Utarbeiding og rullering av Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 ligg inne i kommunen sin Planstrategi for 2020-23, som ble vedtatt av kommunestyret 15.06.2020³. Sidan utarbeiding av næringsplanen er nedfelt i planstrategien, er det eit politisk ønske som ligg bak.

Hausten 2021 blei det ytra eit politisk ønskje om ein eigen jordbruksplan for Sveio kommune. Men sidan dette ikkje er i samsvar med kommune sin vedtekne planstrategi, blei ein slik planprosess ikkje starta opp. Når gjeldande planstrategi skal rullerast, vil det vere mogleg å koma tilbake til dette spørsmålet. Frå kommunen blir det framheva at den politisk vedtekne planstrategien er meint å vere eit styringsverktøy for administrasjonen og politikarane, og at det er viktig at ein etterlev denne.

Konsulentbistand

Vår gjennomgang syner at kommunen nyttar både eigne tilsette og eksterne konsulentar i planarbeidet.

Frå kommunen får vi opplyst at samfunnsdelen til ny kommuneplan er utarbeida av tilsette i kommunen. Kommunestyret gjorde eit akseptvedtak av framlegget til samfunnsdel den 17.02.2020⁴, og per oktober 2022 er kommunen klar til å gå i gang med konsekvensutgreiinga. I samband med dette arbeidet ønskjer kommunen å knyta til seg ein ekstern konsulent.

I samband med utarbeiding av arealdelen er det innhenta pristilbod og inngått kontrakt med eit konsulentfirma. I intervju framhev kommuneadministrasjonen at dei nasjonale krava til kommuneplanar og planarbeid har endra seg dei siste 10 åra. I motsetnad til i 2010, då nåverande

³ Sak 067/20.

⁴ Sak 066/20

kommuneplan blei utarbeida, har det vist seg at kommunen har behov for spisskompetanse i arbeidet med ny kommuneplan. Dette er noko kommunen no tar konsekvensen av.

Når det gjeld Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 oppretta rådmannen den 05.09.2019 ei administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet. I arbeidsgruppa finn vi representantar frå planavdelinga, einingsleiar Drift og anlegg, i tillegg til kommunalsjef for Utvikling.

Den 01.10.2021 slutta dåverande samfunnsplanleggjar i stillinga. Kombinert med at planarbeidet blei vurdert å vere for komplekst og krevjande for ein ny samfunnsplanleggjar åleine, valde planavdelinga å innhenta pristilbod på innleigd konsulent, som fekk i oppgåve å hjelpa til. Frå januar 2021 har innleigd konsulent bidratt i planarbeidet, i tillegg til digitalisering av utkast til plankart.

Då kommunen gjekk i gong med å utarbeida ein ny næringsplan, valde kommunen å henta inn eksterne ressursar i dette planarbeidet, på bakgrunn av for få ressursar til dette planarbeidet internt. Kommunen har inngått eit samarbeid med Atheno AS som har ytt bistand i utarbeidinga av utkastet. I tillegg har Planavdelinga oppnemnd ein prosjektleiar, ei arbeidsgruppe bestående av eigne tilsette og ei styringsgruppe¹, som har hatt jamlege samarbeidsmøte. I utarbeidinga har kommunen dessutan lagt til rette for medverknad frå næringslivet, mellom anna gjennom fleire gruppesamlingar.

For ti-femten år sidan gjorde kommunen eit forsøk på å få utarbeida ein eigen jordbruksplan. Den gongen kom kommunen eit stykke på veg, men planarbeidet blei aldri fullført. I samband med dette blei det gjennomført ein del kartleggingsarbeid, ved hjelp av eigne tilsette og innleigde ressursar. Til dømes gjaldt dette ei kartlegging av kjerneområdet for landbruk og lynghei. Sjølv om planprosessen stoppa opp, har resultata frå kartleggingane vist seg nyttige i arbeidet med å ferdigstille utkast til ny næringsplan og kommuneplan.

I kva grad planane er eigna som styringsverktøy

Vår vurdering er at dei aktuelle plandokumenta må seiast å vere eigna som styringsverktøy. Basert på 11 strategiske val omtala i planstrategien, trekk forslaget til ny kommuneplan fram åtte prioriterte satsingsområde som skal danne grunnlaget for utviklinga i Sveio kommune. I kommuneplanutkastet blir det framheva at dette er åtte satsingsområde kommunen ønskjer å prioritera. I intervju fortel kommuneadministrasjonen at dei åtte hovudmåla vil vere avgjerande for val av tiltak og prioriteringar i kommunen sine ulike einingar.

¹ Formannskapet var styringsgruppe
Side 7 av 45 Planarbeid – Sveio kommune

I kommuneplan for Sveio 2020-32 finn vi 112 tiltak fordelt på desse åtte hovudmåla. Medan nokon er av meir overordna karakter, er andre meir konkrete og knytt til bestemte fagområde. I intervju framhev kommunen at det er rådmannen og leiargruppa som må gjere vurderingar knytt til kven eller kva eining som skal følgja opp det einskilde tiltak, og at eininga er gitt betydeleg fridom og handlingsrom i arbeidet med å følgja opp kommuneplanen. I dette ligg at einingane skal nytta måla i kommuneplanen som utgangspunkt for eigne planar, og at måla skal vurderast opp mot lokale utfordringar og behov.

Den einskilde eining treng ikkje forhalda seg til alle dei 112 tiltaka, men må plukka ut dei mål og tiltak som er relevante. I mange tilfelle vil det vere naturleg kven som skal følgje opp tiltaka, då desse er knytt til bestemte fagområde som helse, skole, kultur og teknisk. Til dømes vil eit mål som til dømes "*Sveio skal vere ein god plass å bu for alle i alle livsløp*» vere aktuelt for heimetenesta og fleire andre tenester.

I Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34 finn vi eit hovudmål: «*Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet*». Hovudmålet er delt inn i to delmål, som kvar seier noko om kva kommunen ønskjer, og kvart av desse delmåla har ulike strategiar (kva kommunen ønskjer å gjere for å nå desse måla). I høyringsutkastet finn vi 13 tiltak/strategiar totalt. I intervju framhev kommunen at dei har freista utarbeida ein kommunedelplan som skal gi ein enklare saksprosess og moglegheit for å ta raske avgjersler. I utkastet finn vi klare føringar for framtidig utbygging, kombinert med høg detaljgrad. Kommunen fortel at dette er gjort for at det ikkje skal vere naudsynt å stille plankrav for enkeltspesifikke tiltak.

I Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 finn vi fem strategiske satsingsområde for kommunen. For å styrka planen som styringsverktøy, har kommunen vald å utarbeida ein eigen handlingsplan til næringsplanen. I handlingsplanen finn vi omtale av prioriterte satsingsområde, tiltak og korleis desse skal finansierast. I tillegg spesifiserer handlingsplanen korleis kommunen ønskjer å prioritere innanfor dei ulike satsingsområda. Kvart av dei fem satsingsområda har fått fleire tiltak, og totalt er det tale om 43 tiltak knytt til satsingsområda i handlingsplanen.

Kommunedelplan for Sveio sentrum og plandokumenta sin ulike juridiske status

Høyringsutkastet til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 er merka «planomtale» på framsida. Dette betyr at dette dokumentet ikkje er juridisk bindande, men må sjåast som eit utvida saksframlegg som syner tankane bak plankartet og føresegnene. Planomtalen/ høyringsutkastet si hovudoppgåve er gi informasjon om bakgrunnen og skal gi ei forklaring på innhaldet i plankartet og føresegnene. Dessutan er planomtalen/høyringsutkastet meint å vere eit hjelpemiddel ved sakshandsaming i byggje- og delingssaker og ved reguleringsplanarbeid, for å sikra strategiske grep i utviklinga av kommunen.

I intervju fortel kommunen at det berre er plankartet m/ tilhøyrande føresegner som er juridisk bindande. Planomtalen, kommunen sine ROS-analyse og konsekvensutgreiinga i samband med planarbeidet inngår som ein del av plandokumenta, men er ikkje å rekne som juridisk bindande. Sidan dei overordna føringane for utviklinga i Sveio allereie ligg i den politisk vedtekne planstrategien og i forslag til ny kommuneplan m/ samfunnsdel, blir hovudoppgåva til arealplankartet å avklara dei arealmessige forholda. Det nye arealplankartet viser kor det vil vere mogleg å gjere endringar, status er for ulike utbyggingsområde og kva område som må vernast mot utbygging.

Etter vår vurdering kan kommunen med fordel få tydelegare fram plandokumenta si ulike juridiske status. Ei slik oppsplitting kan virke forvirrande for utanforståande, då dette poenget ikkje blir forklart før på side 18 i planomtalen/ høyringsutkastet. Profesjonelle partar vil truleg ha kjennskap til dokumenta si ulike juridiske status, men truleg gjeld dette ikkje andre innbyggjarar.

Vi anbefaler Sveio kommune å sørge for at:

- Sikre at kommunen til ei kvar til har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.
- I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta si juridiske status.

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Rådmannen vil takka for utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport som omhandlar planarbeid.

Rapporten tilrår å sikre at kommunen til ei kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i vedteken planstrategi.

Sidan årsskiftet er det gjort ei organisasjonsendring innan området kor målet er på spisse fokus mot overordna planlegging og utvikling. Arbeidet med kommuneplan og kommunedelplan Sveio sentrum er nå komme godt i gang og ein lyt ha vidare fokus på prioritering av arbeid mellom planar, bruk av ekstern kompetanse i arbeidet og framdrift framover.

Rådmannen vil vurdere nærmare oppfølging av rapporten etter oversending frå Kommunestyret.

1 FAKTA OG VURDERINGAR

1.1 METODISK TILNÆRMING OG AVGRENŚING

I møte 31.01.2022 valde kontrollutvalet ut fire planar som case for å belysa problemstillingane i mandatet. I prosjektet har vi sett nærmare på følgjande plandokument, som alle er under utarbeiding:

- Kommuneplan med samfunnsdel 2020-32
- Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34
- Næringsplan for Sveio kommune 2022-27
- Jordbruksplan

Før vi går nærmare inn på problemstillingane, vil vi kort si noko om status for plandokumenta per november 2022:

Kommuneplan med samfunnsdel 2020-32: Her har vi lagt kommunen sitt utkast per 29.08.2022 til grunn for vår gjennomgang. Retningslinene som skal liggja til grunn for konsekvensutgreiinga blei vedtatt i kommunestyret 26. september 2022⁵. Som følge av at politisk handsaming og vedtaking av retningslinene er blitt utsett to gonger, er arbeidet med ny kommuneplan m/ samfunnsdel blitt forseinka.

I intervju får vi opplyst at kommunen tar sikte på å få kommuneplan m/ samfunnsdel ut på høyring i løpet av sommaren neste år, nærmare bestemt i tidsperioden juni til august 2023. Kommunen framhev at Planavdelinga ikkje har kunna byrja med utsilingsprosessen så lenge retningslinene ikkje var vedtatt. Av denne grunn har framdriftsplanen blitt noko forskyvd. Opphavelag var planen at kommuneplanen skulle blitt sendt på høyring i april 2023.

Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34: Her har vi lagt høyringsutkastet til grunn for gjennomgangen. Høyringsfristen var 25.08.2022, og per november 2022 er status at Planavdelinga er i gang med å gå igjennom høyringsvara/ innkomne merknader. Frå regionale styresmakter, nærmare bestemt Statsforvaltaren, NVE og Statens vegvesen, er det varsla motsegn, og kommunen har difor tatt kontakt med desse instansane. Så langt er det gjort avtale om gjennomføring av eit dialogmøte med formål å rydda av vegen varsla motsegn.

⁵ Saka var til handsaming i Formannskapet 27. juni og 22. august og hadde endeleg handsaming i kommunestyre 26. september 2022. Saksnummer 083/22.

Næringsplan for Sveio kommune 2022-27: Her har vi lagt høyringsutkastet til grunn for gjennomgangen. Høyringsutkastet hadde høyringsfrist 25.08.2022, og i intervju får vi opplyst at kommunen har motteke innspel og forslag. I den vidare utarbeidinga av planen vil essensen frå desse innspela bli tatt med, og næringsplanen skal opp til politisk behandling 12. desember 2022.

Jordbruksplan: Kontrollutvalet har med vedtakinga av prosjektmandatet for denne forvaltningsrevisjonen bede om ein gjennomgang av kommunen sin jordbruksplan. I intervju fortel kommuneadministrasjonen at Sveio ikkje har utarbeidd nokon ein eigen jordbruksplan, men at temaet landbruk eit av fleire tema i kommunen sin næringsplan, nærmare bestemt Næringsplan for Sveio kommune 2022-27. Sidan landbruk er den største næringa i Sveio, har kommune funnet det naturleg å legge inn landbruk som eit eige tema i næringsplanen.

Å ha ein eigen jordbruksplan er frivillig for kommunane, og kva ein slik plan skal innehalda vil variera. Om kommunen skal ha ein eigen jordbruksplan eller ikkje, vil politikarane ha moglegheit til å ta stilling til ved rullering av kommunen sin planstrategi. Sidan Sveio kommune så langt ikkje har utarbeidd ein eigen jordbruksplan, då dette ikkje ligg inne i planstrategien, vil det vere å vanskeleg å svara ut problemstillingane knytt til landbruk, då dette berre er eit av fleire tema i næringsplanen. Det riktige her vil vere i seie at landbruk og havbruk er eitt av fleire prioriterte satsingsområde i forslaget til ny næringsplan.

I forvaltningsrevisjonsprosjektet er det difor dei tre første plandokumenta som er via mest merksemd. I tråd med prosjektmandatet har vi undersøkt i kva grad plandokumenta har tydelege målsettingar (om målsettingane er avgrensa og konkrete), og i kva grad det er synleggjort korleis desse skal følgast opp gjennom tiltak, ressursar og framdriftsplan mv. Vidare har vi forsøkt å få klarheit i kva grad det går fram av planane korleis dei skal evaluerast og reviderast i planperioden dei gjeld for. I samband med prosjektet har det òg vore naturleg å sjå hen til kommunen sin overordna planstrategi, som skal rullerast kvart fjerde år.

Mandatet for prosjektet inneheld både deskriptive og normative problemstillingar. Eit døme på ein deskriptiv problemstilling er «Kven tek initiativ til planane?» Her er hensikta å beskriva bakgrunnen for utarbeidinga av planen, og i mindre grad vurdere kommunen mot revisjonskriterier utleia av autoritative kjelder. «I kva grad er planane egna som styringsverktøy?» er eit døme på ein normativ problemstilling, der planane er vurdert opp mot føringar i kommunale styringsdokument og lovverk.

I tillegg til gjennomgang av plandokumenta og relevant skriftleg materiale, har vi gjennomført intervju med tilsette i kommunen som har ei rolle i planarbeidet. Prosjektet er basert på ein

veksling mellom desse kjeldene. Datainnsamlinga og dokumentgjennomgang i samband med prosjektet har gått føre seg i perioden 29. august til 29. november 2022.

1.1 REVISJONSKRITERIER NYTTA I RAPPORTEN

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og desse er brukt til å vurdere funn frå våre undersøkingar. Kriteriene er grunngevrne i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet er følgjande kjelder lagt til grunn for utarbeiding av revisjonskriterier:

- Nasjonale forventningar til planarbeid, formulert i nasjonale rettleiarar og lovkrav
- Politiske vedtak/lokale forventningar til planinnhold og -prosess

Prosjektet og problemstillingane har til dels ei undersøkkande tilnærming, og den nemnde deskriptive problemstillinga har ikkje revisjonskriterium. Plandokumenta er i seg sjølv er eit viktig revisjonskriterium i den forstand at planvedtak, mål og opplegg for utarbeiding og oppfølging gir viktige føringar for om, og på kva måte, planen skal implementerast.

1.1.1 OPPBYGGINGA AV RAPPORTEN

Før vi går nærmare inn på problemstillingane i høve til dei nemnde plandokumenta, vil vi først seie noko generelt om oppbygginga av eit kommunalt plansystem. Blant anna vil vi seie noko om kva rolle ein overordna kommunal planstrategi har, både generelt og i Sveio kommune.


1.2 GENERELT OM DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunal planlegging omfattar korleis kommunen skal utvikla seg som lokalsamfunn og korleis areala i kommunen skal nyttast. I byrjinga av kvar valperiode skal kommunestyret vedta ein overordna kommunal planstrategi, kor lovgrunnlaget er kapittel 10 i plan- og bygningslova. Her heiter det at «kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter at det er konstituert, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi».

Gjennom planstrategien får kommunen ein moglegheit til å vise korleis kommunen gjennom planarbeid skal nå fastsette mål. I plan- og bygningslova paragraf 10-1 heiter det at «føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp med eller vidareføra, for å kunne leggja til rette for ei ønska utvikling i kommunen». Strategien bør omfatta ei drøfting av strategiske val knytt til samfunnsutviklinga, som til dømes arealbruk, miljøutfordringar og planbehov i valperioden. Planstrategien skal ta omsyn til nasjonale og regionale forventningar til kommunalt planarbeid, jf. § 10-1.

Den kommunale planstrategien kan seiast å vere eit hjelpemiddel for kommunen til å synleggjere kva planar som skal utarbeidast, og kva kommunen skal prioritere av planarbeid i inneverande periode. Figuren under syner dei ulike hovudelementa som inngår i det kommunale plansystemet:

Figur 2 – Kommunalt plansystem



(Kjelde: KS)

Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel er kommunen sitt overordna styringsverktøy, og sett andre planar i kommunen inn i eit planhierarki. Både lokale, regionale og nasjonale interesser skal ivaretakast i kommuneplanen, og planstrategien fastset tidspunkt for når kommuneplanen skal rullerast.

Kommunedelplanar er planar for eit geografisk område eller eit tema, og er i praksis ei utdjuping av føringar i kommuneplanen. Kommunedelplanar har inga særskild status eller forrang framfor andre temaplanar, men det er eit krav at desse følgjer krav til prosess fastset i plan- og

bygningslova. Forankringa i plan- og bygningslova gjer at planarbeidet er pålagt visse krav. Mellom anna heiter det i § 11-2 at kommunedelplanar mv. skal ha ein handlingsdel, som fortel korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Dessutan skal handlingsdelen reviderast årleg.

I kommunen sitt planarbeid må ein difor skilje mellom kommunedelplanar på den eine sida, og ulike temaplanar og strategiar, for ulike delar av den kommunale verksemda, på den andre. Det er berre kommunedelplanar og reguleringsplanar mv. som er forankra i plan- og bygningslova, og temaplanar og strategiar har difor ikkje same prosesskrav.

Kommunedelplanar kan, men treng ikkje, vere utgangspunkt for utarbeiding av tema- og strategiplanar. I høve til § 11-1 i plan- og bygningslova, kan kommunen utarbeida kommunedelplanar mv. for bestemte tema eller tenesteområde. Dette vil som oftast vere overordna, strategisk retta fagplanar og sektorplanar.

Implementering av mål- og strategiar i kommuneplanen og andre vedtekne planar, skal skje gjennom kommunen sin fireårige handlings- og økonomiplan, og årlege budsjett. Dei enkelte tenesteområda følgjer opp handlings- og økonomiplanen gjennom eigne planar og tiltak i det påfølgjande budsjettåret. Forutan kommunedelplanar, temaplanar og strategiplanar, kan kommunen sitt planbehov inkludere analysar og utgreiingar, for å styrka kunnskapsgrunnlaget i planlegginga.

Statusoppdateringar og evalueringar gir kommuneadministrasjonen og dei folkevalde kunnskap om korleis planen verkar eller har virka. Har kommunen nådd måla i planen? Kva har kommunen levert på? Har kommunen brukt dei riktige verkemidla? Evalueringar gir eit grunnlag for avgjersler, der ein kan ta stilling til om planen bør korrigerast eller ikkje. Med andre ord kan vi sjå for oss ein lærings- eller forbettringssirkel:

Figur 1 – Lærings- og forbettringssirkel i oppfølging av kommunale planar



(Kjelde: KS)

1.2.1 PLANSTRATEGIEN I SVEIO KOMMUNE OG RULLERINGA AV DENNE

I høve til kapittel 10 i plan- og bygningslova vedtar Sveio kommune sin eigen planstrategi ved starten av kvar ny kommunestyreperiode. Planstrategien synleggjer kva planoppgåver kommunen bør starta opp med eller vidareføra, og gjev føringar for rulleringa av desse. Gjeldande planstrategi for Sveio kommune for tidsperioden 2020-23, blei vedtatt av kommunestyret den 15.06.2020 (sak 067/20). Når nytt kommunestyre konstituerast etter kommunevalet hausten 2023, vil ein sak om ny planstrategi bli lagt fram for kommunestyret.

Kommunen sin gjeldande planstrategi gir oversikt over kommunen sine planar. I planstrategien skisserer kommunen kva planhierarki ein ser før seg, mellom overordna kommunedelplanar og tema- eller strategiplanar. Slik sett skal det vere mogleg å få oversikt over det hierarkiske forholdet mellom dei ulike planane. Til dømes er Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023 det overordna planverket for kommunen. I tillegg har kommunen to kommunedelplanar, ein for Sveio og ein for Førde. Desse planane er alle godkjente etter plan- og bygningslova og legg føringar for den framtidige utviklinga i kommunen. I tillegg har kommunen ulike kommunale temaplanar. Desse er ikkje juridisk bindande, men er likevel førande for utviklinga i kommunen og framtidige planprosessar, og skal takast omsyn til ved vurdering av tiltak.

I intervju framhev kommunen at dei freistar avgrensa omfanget av planar på smale område, og at planbehovet først og fremst er knytt til overordna planar. Skulle det oppstå eit behov for ein plan innanfor planstrategiperioden, blir vurderinga om denne skal leggjast inn i planstrategien for *neste* kommunestyreperiode.

I Sveio kommune har dei forskjellige planane ulik lengde. Her finn vi:

- Planar som blir rullert årleg
- Temaplanar som har ulik varigheit ut frå innhald og funksjon
- Overordna planar som er utarbeida i høve til reglene i plan- og bygningslova, og som vil ha ein lengre planperiode

I intervju fortel kommunen at dei ikkje er utarbeida nokon eigen mal for kor lang periode dei ulike planane skal gjelde for, men at planstrategien spelar ei viktig rolle i så måte. Strategien som blir vedtatt ved starten av kvar kommunestyreperiode, legg viktige føringar for planarbeidet til kommunen. Planstrategien gir struktur på planarbeidet og fungerer som eit styrande arbeidsdokument for planarbeidet, blir det framheva.

Vidare framhev kommunen at dei ikkje ønskjer å binde seg for mykje, men at det er viktig å ha eit fleksibelt system for planarbeidet. Nokre planar må ha ein kort planperiode fordi temaet planen omtalar er i rask utvikling, noko som til dømes gjeld kommunen sin IKT-strategi. Her kan den raske utviklinga innan IKT gi nye moglegheiter, som i sin tur krev hyppige endringar i kommunen sin IKT-strategi.

Vidare blir det framheva at kor lang planperiode ein skal velje vil vere eit politisk spørsmål, då dette handlar om kor ofte politikarane ønskjer å rette fokuset mot bestemte tema. Frå politisk hald kan det av og til vere ønskjeleg med ei raskare rullering enn opphavelig vedtatt.

I Sveio har kommuneplanen tradisjonelt blitt gjort gjeldande for ein 12 årsperiode. I intervju får vi opplyst at kommunen vurderer hyppigare og mindre omfattande rulleringar, til dømes ein gong i kvar kommunestyreperiode. Kommunen ser for seg temavise rulleringar i staden for ei full rullering, som kan vere særskjevande.

For kommunen er det viktig at kommuneplanen er styrande for planarbeidet. Av denne grunn har kommunen vald å ha samanfallande planperiode for fleire av planane. Dette gjeld til dømes helse- og omsorgsplanen «Leve heile livet» og Bustadsosial handlingsplan⁶. Desse er knytt opp til kommuneplanen sin samfunnsdel ved at planane heng saman i planperiode/ tidsperiode dei gjeld for.

⁶ Hausten 2022 jobbar kommunen med å utarbeide ein ny helse- og omsorgsplan «Leve heile livet», og Bustadsosial handlingsplan.

1.3 KORLEIS ER FORHOLDET MELLOM PLANLEGGINGSKAPASITET OG VEDTAK OM PLANUTARBEIDING?

1.3.1 REVISJONSKRITERIER

I høve til plan- og bygningsloven § 6-1 legg regjeringa kvart fjerde år fram sine forventningar til regional og kommunal planlegging. I dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23»⁷ er effektive og kunnskapsbaserte planprosessar ei sentral målsetting. Her heiter det at «kommunane har ansvar for at planar og avgjersler bygger på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at dei har nødvendig plankompetanse». Vidare heiter det at «kommunane har ansvar for å setja av tilstrekkelege ressursar til planbehandling, og leggja til rette for føreseielege prosessar».

I Sveio kommune sin Planstrategi for 2020-23 heiter det at «planar er viktige verktøy for å synleggjere felles mål og prioriteringar, slik at ein kan møte kommunen sine utfordringar på best mogeleg måte».

Ut frå desse føringane nasjonalt og lokalt har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til kommunen):

- Kommunen skal ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å sikra effektive og kunnskapsbaserte planprosessar.

1.3.2 KAPASITET- OG BEMANNING I PLANAREIDET

Tilsette som jobbar med planarbeid i kommunen har ulike oppgåver, og desse kan delast inn i to hovudkategoriar, nærmare bestemt areal- og samfunnsplanlegging:

Arealplanlegging:

- Sakshandsaming innanfor fagområdet
- Oppfølging av planprosessar og planvedtak
- Deltaking i arbeidsoppgåver, prosjekt eller sakshandsaming som ligg til planavdelinga i kommunen

Samfunnsplanlegging

⁷ Vedtatt ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019.

- Arealplanlegging og overordna planarbeid med tilhøyrande sakshandsaming
- Representera Sveio kommune i regionale planprosjekt
- Oppfølging av planprosessar og planvedtak
- Delta i andre arbeidsoppgåver som ligg til planavdelinga i kommunen

Over tid har Sveio kommune hatt utfordringar knytt til framdrift i planarbeidet. Særleg gjeld dette arbeidet med ny kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum. I intervju får vi opplyst at bakgrunnen for manglande framdrift har vore det store talet på prosjekt og oppgåver planavdelinga har. Samstundes har avdelinga tidvis opplevd manglande kapasitet og bemanning, grunna utfordringar knytt til rekruttering til fagstillingar. I ein periode fekk kommunen òg vakanse i stillinga som samfunnsplanleggjar. Status hausten 2022 er at planavdelinga igjen er fulltalig. Men for den nyttilsette samfunnsplanleggjaren har det vore tidkrevjande å ta over arbeidet førre samfunnsplanleggjar hadde hand om, får vi opplyst

I intervju blir det framheva at den kraftige forseinkinga til ny kommuneplan òg heng saman med ei politisk prioritering. Kommuneadministrasjonen har ved fleire høve gitt beskjed om at planavdelinga har for lite kapasitet til å drive begge planprosessane, nærmare bestemt arbeidet med å utarbeide ein ny kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum. Kapasitet og prioritering av planar har vore tema i fleire møte, både i Hovudutval Teknisk og næring (styringsgruppa for sentrumsplanen) og i Formannskapet (styringsgruppa for kommuneplanen):

- Formannskapet 8. februar 2021 under orienteringar
- Hovudutval Teknisk og næring: 10 november 2020, 11 mai 2020, 16. november 2021, 18 mai 2022

Vidare leggst prioritering av prosjekt i restanseliste til grunn, då dette er tema i kvart formannskapsmøte. Frå politisk hald er det bestemt at arbeidet med kommunedelplan for Sveio sentrum skal prioriterast foran kommuneplanarbeidet,⁸ men kommunen kan arbeide med kommuneplanen om det ikkje går ut over framdrift på sentrumsplanen (og ikkje vente til sentrumsplanen er ferdig).

Kommuneadministrasjonen framhev i intervju at det frå politisk hald har vore uttrykt ønskje om mange planar, men at kommunen ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til å etterleve alle ønskja. Dette er dessutan ønskjer som ikkje er forankra i kommunen sin vedtekne planstrategi, som til dømes ønskje om ein eigen Jordbruksplan og ein Reguleringsplan for badeanlegg. I tillegg har det i pågåande planprosessar kome innspel som har lagt beslag på mykje av personalressursane i

⁸ Dette er ikkje kommunisert i form av vedtak, men er protokollført, får vi opplyst.

planavdelinga. For å illustrere dette, kjem kommunen med to døme frå inneverande kommunestyreperiode:

Når det gjeld «Områdeplan Ekrene» fekk planavdelinga for eit par år sidan utarbeidd ein områdeplan som blei sendt til politisk behandling. Kommunestyret vedtok ikkje planen, og planforslaget blei sendt tilbake til planavdelinga med ein del vilkår og tilleggsbestillingar, som innebar ekstra arbeid for avdelinga.

Det andre dømet kommunen kjem med gjeld «Reguleringsplan for fylkes-veg 541 Tjernagelvegen mellom fylkes-veg 47/ Sveio sentrum og Buavåg»⁹. Reguleringsplanen blei vedtatt, men med nokre vilkår og klausular som rådmannen fekk i oppdrag å arbeide vidare med. Så langt har denne planprosessen ført til at kommunen har ein reguleringsplan kor fylkeskommunen er tiltakshavar, og ein kor fylkeskommunen ikkje kan gå vidare i sitt arbeid, då planen ikkje er sluttbehandla i kommunen. Samstundes har planavdelinga i kommunen fått ekstra arbeid.

I intervju framhev kommunen at ekstra bestillingar legg beslag på ressursane i planavdelinga. Løysinga framover må vere å få høve til å henta inn ekstern kompetanse i større utstrekking enn kva som er tilfelle per i dag, i dei mest krevjande planprosessane. Samstundes blir det poengtert at ein planprosess ikkje går av seg sjølv fordi om ein leiger inn ein ekstern konsulent. Men arbeidsbelastninga for dei tilsette vil bli mindre. Eit anna moment er at dei eksterne konsulentane som regel er ein del av eit større fagmiljø, samanlikna med dei få tilsette i planavdelinga.

Verdt å nemne i denne samanheng er at i løpet av 2023 vil Sveio kommune gjennomføre ei intern omorganisering. Frå årsskiftet 2022/23 vil kommunen få ei ny eining kalla «Samfunnsutvikling», som vil få ansvaret for overordna planlegging i kommunen. I tillegg vil eininga få ansvaret for deler av kulturområdet, kor ein del av utviklings- og byggeprosjekta i kommunen er plassert. På denne måten ønskjer rådmannen å styrka kommunen sitt fokus på overordna planlegging, og sikra raskare framdrift i planarbeidet. Forutan nytilsett leiar, vil eininga bestå av samfunnsplanleggjar og to konsulentar i til saman 120% stilling. Dessutan vil kommunen sin folkehelsekoordinator vere knytt til eininga. Eit anna viktig mål for endringa er å få synleggjort planarbeidet i større grad.

⁹ Dette er ein fylkesveg i tilknytning til sentrum i Sveio.

¹⁰ Grunneigarane opplevde at dei fekk vegen for nær. Innspela frå grunneigarane blei i stor grad tatt til følge av politikarane.

Frå årskiftet 2022/23 vil kommunen sin samfunnsplanleggjar få endra si stilling, slik at vedkommande kan arbeida med overordna planlegging på heiltid, medan oppgåva som beredskapskoordinator (som utgjer 20 prosent av stillinga) vil bli lagt til ei anna eining. Dette vil òg bidra til raskare framdrift.

Som nemnd vil oppgåvene til den nye eininga «Samfunnsutvikling» omfatte både planarbeid og utviklingsarbeid knytt til kultur/næring. Bakgrunnen for dette er at kommunen i større grad ønskjer å sjå desse områda i samanheng, og ved å samle oppgåvene i same eining håpar kommunen å få til raskare framdrift i planarbeidet.

I samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet har vi saman med kommunen gått igjennom kva planar i Planstrategien som så langt er utarbeida og kva planar som er under utarbeiding, per november 2022. For å få ein oversikt over dette, har vi utarbeida ei komplett planoversikt i rapporten sin vedleggsdel, kor ein finn ein kort omtale av status for arbeidet med den einskilde plan som er ført opp i kommunen sin planstrategi for inneverande periode.

1.3.3 VÅR VURDERING AV KAPASITET OG BEMANNING

På bakgrunn av forventningar om utarbeiding av planar frå politisk hald, kombinert med rekrutteringsutfordringar og vakanse i periodar, har Sveio over lengre tid hatt utfordringar knytt til framdrifta i planarbeidet. Planavdelinga er no fulltalig, og planarbeidet vil bli ytterlegare styrka med oppretting av ei eigen eining for samfunnsutvikling frå årsskiftet 2022/23. Samla sett er det vår vurdering at kommunen frå kommande årskifte vil ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta dei planprosessar som er vedtatt.

1.4 KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2020-32

1.4.1 REVISJONSKRITERIER

I vedtatt planstrategi for Sveio kommune heiter det at «kommunen sine planar er viktige verktøy for å synleggjere felles mål og prioriteringar, slik at ein kan møte kommunen sine utfordringar på best mogleg måte».

I plan- og bygningslova § 11-1 heiter det at «kommunen skal ha ein kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Den skal bygga på planstrategien og leggja statlege og regionale retningslinjer og pålegg til grunn». I Nasjonale forventningar til regional og kommunal

planlegging¹¹ heiter det at kommuneplanen skal ha konkrete mål; «Konkretisering av planen skjer gjennom god kopling mellom planen sin handlingsdel og kommunen sin økonomiplanlegging. Det er her ansvaret blir plassert og planen sikrast gjennomføring».

Ut frå desse føringane nasjonalt og lokalt har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til kommunen):

- Kommunen skal utarbeide ein kommuneplan med tydelege målsettingar som er avgrensa og konkrete, og planen skal skissere korleis desse skal følgjast opp.

1.4.2 INITIATIV TIL PLANEN

Den 14.03.2016 vedtok kommunestyret at arbeidet med ein ny planstrategi skulle starte opp. Samstundes som kommunestyret gjorde dette vedtaket, blei det avklart at kommunen skulle starta arbeidet med å utarbeida ein ny kommuneplan. I vedtaket frå kommunestyret heiter det at: «I samband med at det vert utarbeida ein planstrategi, skal det som ein del av planstrategiprosessen startast opp eit arbeid med å utarbeida eit planprogram til kommuneplanen. Ved vedtak av planprogrammet skal det tas stilling til prosessen for vidare kommuneplanarbeid»¹².

Kommuneplan for Sveio 2020-32 består av ein strategisk samfunnsdel og ein arealdel. Medan samfunnsdelen seier noko om visjon, satsingsområde og delmål for kommunen i planperioden, gir arealdelen ein oversikt over den overordna disponeringa av areala til kommunen.

I arbeidet med å utforma ein ny kommuneplan er formannskapet styringsgruppe, medan Hovudutval for teknisk og næring er referansegruppe. Styringsgruppa vert jamleg involvert i samband med Formannskapsmøter. Frå hovudutvalet har det i lengre tid vore uttrykt eit ønskje om at rådmannen skal rapportere om status i pågåande planprosessar i kommunen, noko som òg omfattar kommuneplanen. Ein rapport frå rådmannen om framdrift i planarbeidet er no eit fast innslag på møta i utvalet.

1.4.3 KONSULENTBISTAND OG INVOLVERING FRÅ ANDRE INSTANSAR

Frå kommunen får vi opplyst at samfunnsdelen er utarbeida av tilsette i kommunen. Kommunestyret gjorde eit akseptvedtak av framlegget til samfunnsdel den 17.02.2020¹³, og per

¹¹ Rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Vedtatt i kongeleg resolusjon 14.05.2019.

¹² Sak 012/16.

¹³ Sak 066/20

oktober 2022 er kommunen klar til å gå i gang med konsekvensutgreiinga. I samband med dette arbeidet ønskjer kommunen å knyta til seg ein ekstern konsulent.

Så langt har kommunen mottatt innspel over ein lengre tidsperiode, noko som gjer at kommunen har eit omfattande grunnlagsmateriale som ein kan gripe fatt i. I seinare tid har planavdelinga òg jobba med ein metodikk for kjerneområdet landbruk, som kommunen no er ferdig med, og som vil utgjere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i analysearbeidet. Status oktober 2022 er at kommunen skal starte arbeidet med å sile ut dei innspela som er i strid imot retningslinjene og kjerneområde-metodikken.

I samband med utarbeiding av arealdelen er det innhenta pristilbod og inngått kontrakt med eit konsulentfirma. I intervju framhev kommuneadministrasjonen at dei nasjonale krava til kommuneplanar og planarbeid har endra seg dei siste 10 åra. I motsetnad til i 2010, då nåverande kommuneplan blei utarbeida, har det vist seg at kommunen har behov for spisskompetanse i arbeidet med ny kommuneplan, og dette har kommunen no tatt konsekvensen av.

Arbeidet med arealdelen starta hausten 2022, viss ein ser bort i frå at det over tid har vore opna for innspel i planarbeidet. Arbeidet er leia av kommunen sin samfunnsplanleggjar, med støtte frå leiing. Det vidare arbeidet med arealdelen vil basere seg på eit samarbeid mellom kommunen sin samfunnsplanleggjar og innleigd konsulent, og ved behov vil òg andre ressursar internt bli involvert, får vi opplyst.

I intervju framhev kommunen at kommuneplanen er meint å vere eit kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for kommunen si tenesteyting. For å sikra at planen fungerer som eit overordna styringsdokument, legg kommunen vekt på at planen skal vere godt forankra, både hjå innbyggjarane, i einingane, i administrasjonsleiinga og i kommunestyret. For å sikra dette, har kommunen satt i verk fleire tiltak, som til dømes¹⁴:

- Arbeidsgruppa til samfunnsdelen har bestått av representantar frå dei ulike verksemdsområda i kommuneorganisasjonen. I tillegg har einingane i kommunen fått høve til å seie kva dei meiner skal til for at det skal vere godt å bu i Sveio, og kva kommunen sin visjon inneber for deira fagområde.

¹⁴ Kjelde: Intervju med kommuneadministrasjonen og kapittelet om Demokrati, deltaking, medverknad og forandring, i høyringsutkast for Kommuneplan Sveio kommune – samfunnsdelen 2020-32.

- På lik line med rådmannen si leiargruppe (administrativ styringsgruppe), har formannskapet i ulike arbeidsmøte fått høve til å påverka planarbeidet med innspel.
- Som eit ledd i medverknadsprosessen har det vore arrangert fem folkemøte fordelt på dei ulike skulekrinsane, der interesserte har fått høve til å stilla spørsmål og koma med innspel til planarbeidet.
- Kommunen har bede om innspel frå innbyggjarane i to omgangar. Dette er individuelle, skriftlege innspel.
- Særskilde møter mellom ulike instansar har vore arrangert, som til dømes møter mellom akvakulturnæringa og landbruket, SLT-koordinator og politikontakten og frukostmøte med næringsaktørar, der kommunen har presentert kommuneplanarbeidet og oppmoda til innspel. Vidare har det vore halde separate møte med enkeltpersonar og verksemder som har fått høve til å gi innspel til planarbeidet.
- Kommunen har presentert arbeidet i det regionale planforumet hjå overordna mynde.
- Ungdomsrådet, Råd for personar med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet fått brev med invitasjon til innspel.

Som eit ledd i planarbeidet har kommunen innhenta informasjon om kva område kommunen bør sikre som leikeareal eller friluftsområde. Dette er ei kartlegging som blei utført tilbake i 2017, og som blei gjennomført i form av barnetråkkregistreringar blant elevar på kommunen sine barne- og ungdomsskule. Registreringa har gitt informasjon om kva vegar som blir oppfatta som utrygge, og korleis borna kjem seg til og frå skule og fritidsaktivitetar. Barnetråkkregistreringa er ein del av grunnlagsmaterialet til arealdelen i kommuneplanen.

1.4.4 I KVA GRAD PLANEN ER EIGNA SOM STYRINGSVERKTØY

Før vi går nærmare inn på kommuneplan for Sveio 2020-32, vil det vere naudsynt å sjå til Sveio kommune sin Planstrategi 2016-19. I Planstrategi 2016-19 blir 11 strategiske val omtala som grunnlaget for kommuneplanarbeidet, saman med overordna globale, nasjonale og regionale føringar. Basert på dei 11 strategiske vala omtala i denne planstrategien, trekk forslaget til ny kommuneplan fram åtte prioriterte satsingsområde som skal danne grunnlaget for utviklinga i Sveio kommune:

- God helse, eigen meistring og trivsel
- Gode oppvekstvilkår
- Aktive lokalmiljø og mangfald

- Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak
- Befolkningsutvikling, arbeidsplassar og vekst
- Aktivitet i eit attraktivt kommunesenter
- Trygg Trafikk, gode kommunikasjonar og kommunale anlegg
- Bruk og vern av strandsona

Kommuneplanutkastet framhev at dette er åtte satsingsområde kommunen ønskjer å prioritera. I utkastet heiter det at «satsingsområda er vurdert å skapa grunnlaget og premissane for det gode liv i Sveio og vil utgjere grunnstolpane i det kommunale arbeidet i kommuneplanperioden». I intervju fortel kommuneadministrasjonen at desse åtte hovudmåla vil vere avgjerande for val av tiltak og prioriteringar i dei ulike einingane.

I kommuneplan for Sveio 2020-32 finn vi 112 tiltak fordelt på desse åtte hovudmåla. Medan nokon er av meir overordna karakter, er andre meir konkrete og knytt til bestemte fagområde. I intervju framhev kommunen at det er rådmannen og leiargruppa som må gjere vurderingar knytt til kven/ kva eining som skal følgja opp det enkelte tiltak. Den einskilde eining er gitt betydeleg friidom og handlingsrom i arbeidet med å følgja opp kommuneplanen. I dette ligg at einingane skal nytta måla i kommuneplanen som utgangspunkt for eigne planar, og at måla skal vurderast opp mot lokale utfordringar og behov, framhev kommunen.

Vidare fortel kommunen at den einskilde eining ikkje treng å forhalda seg til alle dei 112 tiltaka, men at eininga må plukka ut dei mål og tiltak som er relevante. I mange tilfelle vil det vere naturleg kven som skal følgje opp tiltaka, då desse er knytt til bestemte fagområde som helse, skole, kultur og teknisk. Til dømes vil målet "Sveio skal vere ein god plass å bu for alle i alle livsløp» vere særleg aktuelt for heimetenesta.

I kommuneplan for Sveio 2020-32 finn vi nokre mål og tiltak som går på tvers av ulike fagområde. Dette er til dømes målet om digitalisering og berekraft & miljø. Når det gjeld målet om digitalisering har kommunen vald å oppretta eit eige program for dette, kor eininga kan søkja om midlar for å få realisert digitaliseringsprosjekt.

1.4.5 KORLEIS PLANEN SKAL FØLGJAST OPP

Etter akseptvedtak av framlegget til samfunnsdel, har samfunnsdelen blitt implementert både i budsjettarbeidet og i økonomirapporteringa. I intervju får vi opplyst at rådmannen har vore opptatt av at kommuneplanen sine målsettingar skal vere å finne igjen i andre planar, og at det skal vere ein raud tråd. For kommunen er det viktig at det er ein samanheng mellom

kommuneplan og andre planar, forutan budsjett og rapportering i årsmeldinga til den einskilde eining.

Sveio kommune opererer med faste rapporteringspunkt, nærmare bestemt månads- og tertialrapportering, kor ein går gjennom tiltak og mål henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunen har laga ein mal for korleis årsmeldingane til den enkelte eining skal utarbeidast, som inneheld mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Når den enkelte eining utarbeidar si årsmelding i februar, skal den enkelte eining kunne svara ut korleis det gjekk med måla, og om måla blei nådd. Eit døme på dette er korleis NAV og barnevernet har arbeida for å redusere barnefattigdom, som er eit mål kommuneplanens samfunnsdel. Her svarer einingane som er aktuelle for denne målsettinga.

Samstundes må ein vere klar over at samfunnsdelen til kommuneplanen ennå ikkje er vedtatt. Denne skal opp til endeleg behandling politisk først når arealdelen er klar. Når samfunnsdelen blir lagt fram politisk, vil det vere naturleg at ein då seier noko om korleis planen skal følgjast opp gjennom revidering og handlingsplan.

Når det gjeld arealdelen, vil det fram til ny kommuneplan blir vedtatt, vere kommuneplanen frå 2011-2023 som blir lagt til grunn i saker som gjeld arealbruk og utbygging i kommunen, i den grad det ikkje er utarbeidd egne reguleringsplanar. Generelt utgjer kommuneplanen eit sentralt styringsverktøy i saker som blir handsama etter plan- og bygningslova.

1.4.6 EVALUERING/ REVIDERING I PLANPERIODEN DEN GJELDER FOR

I intervju med kommunen får vi opplyst at når kommuneplanen blir vedtatt, skal den i utgangspunktet gjelde for ein 12-årsperiode. Men i arbeidet med ny planstrategi som skal erstatta den någjeldande, vurderer kommuneadministrasjonen å foreslå temavise rulleringar av kommuneplanen, innanfor kvar kommunestyreperiode. Dette er eit grep for å skapa ein meir dynamisk og oppdatert kommuneplan, og for å sikra at kommuneplanen til ei kvar tid speglar samfunnsutviklinga.

1.4.7 VÅR VURDERING

Etter vår vurdering framstår høyringsutkastet til Kommuneplan for Sveio kommune 2020-32 i all hovudsak som eit godt styringsverktøy. Dei åtte hovudpunkta gir retning for val og prioritering, og er konkretisert i mål og tiltak. Så langt har arbeidet med kommuneplanen vore breitt forankra.

Kommunen sine rutinar for fast rapportering på kommuneplanen sine mål og tiltak vil kunne sikra svar på korleis tiltaka har virka over tid, og i kva grad kommunen har lukkast med å nå måla

innanfor dei ulike satsingsområda. På denne måten kan kommunen få kunnskap om ein har lukkast med å nå måla.

Samstundes ser vi at summen av mål og tiltak er høgt når ein legg saman desse, og at det difor kan bli utfordrande å rapportera på kommuneplanen sin måloppnåing. Men den einskilde tenesteeining er gitt betydeleg fridom og ansvar til å sjølv å vurdere kva mål eininga skal arbeida for å nå.

1.5 KOMMUNEDELPLAN FOR SVEIO SENTRUM 2022-34

1.5.1 REVISJONSKRITERIER

I vedtatt planstrategi for Sveio kommune heiter det at «kommunen sine planar er viktige verktøy for å synleggjere felles mål og prioriteringar, slik at ein kan møte kommunen sine utfordringar på best mogleg måte».

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging¹⁵ heiter det at kommunale planer skal ha konkrete mål. Her kan vi lese at «Konkretisering av planane skjer gjennom ein god kopling mellom planen sin handlingsdel og kommunen sin økonomiplanlegging. Det er her ansvaret blir plassert og planen sikrast gjennomføring».

Ut frå desse føringane nasjonalt og lokalt har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til kommunen):

- Kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan med tydelege målsettingar, målsettingar som er avgrensa og konkrete, og kor det er skissert korleis desse skal følgjast opp.

1.5.2 INITIATIV TIL PLANEN

Som nemnd er kommuneplanen for Sveio kommune det overordna planverket for kommunen. I tillegg har kommunen to kommunedelplanar, nærmare bestemt kommunedelplan for Sveio sentrum og for bygda Førde. Som nemnd i innleiinga er planprosessen for ein kommunedelplan lik som for ein kommuneplan.

¹⁵ Rettleiar frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Vedtatt i kongeleg resolusjon 14.05.2019.

Arbeidet med Kommunedelplan for Sveio Sentrum starta med eit vedtak i kommunestyret 11.05.2015, og etter plan- og bygningslova § 4-1 og 4-2 er det eit krav at slike planar skal ha eit planprogram. I vedtaket blir det framheva at planprogrammet skal sendast på høyring og at oppstart av planarbeidet skal varslast. I saksframlegget kan vi lese at «rådmannen ber Kommunestyret ta stilling til om det skal startast opp arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum, med tilgrensande areal. Planavgrensinga må vurderast i samband med oppstartsvarselet, og bør omfatte betydeleg meir enn det som er vist som planområde i gjeldande kommunedelplan»¹⁶.

I møtet vedtok kommunestyret at rådmannen skal opprette ein administrativ arbeidsgruppe som skal ha i oppgåve å utarbeide eit forslag til planprogram, og at styringsgruppa for planarbeidet skal vere Hovudutval for Teknisk og næring.

Planprogrammet blei godkjend i mars 2017. I samband med at planprogrammet skulle godkjennast, valde kommunestyret å utvida plangrensa. Dette førte til at kommunen måtte sende ut eit nytt oppstartsvarsel, saman med eit justert planprogram, som blei sendt på høyring. Frå kommunen får vi opplyst at då det justerte planprogrammet blei utarbeidd i 2016, var det med dei nasjonale forventingane og krav om utgreiingar som då gjaldt.

I planprosessen er det tatt omsyn til nye krav som er kome til på eit seinare tidspunkt, slik at dei gjennomførte planutgreiingane er blitt oppdatert og i høve til nye føringar for planleggingsarbeid. Mellom anna er FN sine berekraftsmål, vurdering av klima, regional utviklingsplan og ny kommunal planstrategi alle føringar som har hatt innverknad på utforminga av kommunedelplanen for Sveio sentrum.

1.5.3 BRUK AV KONSULENTBISTAND OG ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Den 05.09.2019 oppretta rådmannen ei administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet. I arbeidsgruppa finn vi representantar frå planavdelinga, einingsleiar Drift og anlegg, i tillegg til kommunalsjef for Utvikling. Fram til 01.10.2021 var samfunnsplanleggjaren i kommunen prosjektleiar for planarbeidet.

Den 01.10.2021 slutta dåverande samfunnsplanleggjar i stillinga. Kombinert med at planarbeidet blei vurdert å vere for komplekst og krevjande for ein ny samfunnsplanleggjar åleine, valde planavdelinga å innhenta pristilbod på innleigd konsulent, som skulle få i oppgåve å hjelpa til.

¹⁶ Sak 025/15.

Frå januar 2021 har innleigd konsulent bidratt i planarbeidet, blant anna med digitalisering av utkast til plankart.

Som nemnd er Hovudutval for teknisk og næring politisk styringsgruppe. I tillegg er det oppretta ei administrativ arbeidsgruppe. Kommunen har på denne måten forsøkt å få til eit tett samarbeid mellom administrasjonen og politisk nivå i planprosessen. I intervju fortel kommunen at «i ettertid kan vi sjå at det har vore eit i overkant mykje politisk engasjement og ønskje om å styra denne planprosessen. Vi har gjort oss den erfaringa at det kanskje bør vere meir balansert mellom administrasjonen si rolle på den eine sida og den politiske styringsgruppa si rolle på den andre, i ein slik prosess, slik at politikarane ikkje fell for freistinga å gå inn og detaljstyre i altfor stor grad».

I høve til § 6 i forskrift om konsekvensutredningar er det eit krav at kommunedelplanar skal vere konsekvens-utreia. Som ledd i arbeidet er det difor utarbeidd ein stadanalyse for planområdet som dannar grunnlaget for vurderingar av framtidig arealbruk i sentrumsområdet. I tillegg inngår resultatane frå den nemnde barnetråkkregistreringa i kunnskapsgrunnlaget for planen.

I intervju legg kommunen vekt på at arbeidet med Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 har vore ein lang planprosess, og at det er fleire grunnar til dette. Først og fremst kan dette seiast å vere eit utslag av ressursmangel. Kommunen har hatt ein samfunnsplanleggar, men planavdelinga har mange fagområde og arbeidsoppgåver. Den tidlegare samfunnsplanleggaren i kommunen brukte om lag 2/3 av stillinga si til å arbeida med akkurat denne planen, men noko som tyder på at arbeidet blei noko meir omfattande og grundig enn strengt tatt nødvendig.

Vidare legg kommunen vekt på at det undervegs har dukka opp andre planprosessar som har tatt tid og merksemd, og at det frå politisk hald er gitt signaler om at desse planprosessane skulle prioriterast. Eit døme på dette er oppgåva med å utarbeide ein Reguleringsplan for badeanlegg i Sveio, noko som la beslag på dei tilsette i planavdelinga si arbeidstid over ein lengre tidsperiode. Samstundes ser kommunen verdien av å nytta eigne ressursar i planarbeid generelt, for å sikra eigarskap til planane. Dette gjeld òg Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34.

1.5.4 EIGNA Å STYRE ETTER?

I intervju fortel kommunen at då den eksisterande kommunedelplanen blei vedtatt i 2010, blei planområdet delt inn i fire delområde med krav om reguleringsplanar innanfor kvart av desse områda, før ein kunne gå vidare med utvikling og utbygging. Intensjonen med dette var god, men det blei aldri sett i gong eit arbeid med å utarbeida reguleringsplanar innanfor desse fire definerte delområda.

I eit saksframlegg til kommunestyret datert 11.05.2015 blir følgjande presisert når det gjeld Kommunedelplanen for Sveio sentrum frå 2010¹⁷: «Føresetnadene for gjennomføring av gjeldande kommunedelplan var at planområdet skulle omfattast av fire reguleringsplanar før tiltak kunne godkjennast (krav i føresegnene). Desse reguleringsplanane skulle leggja meir konkrete og detaljerte føringar for framtidig utbygging i sentrum enn det kommunedelplanen gjer. Med bakgrunn i manglande ressursar og fokus på andre planoppgåver har kommunen ikkje utarbeida desse fire reguleringsplanane. Med plankravet linka til kommunedelplanen og manglande detaljplanar ser vi no at utbygginga i sentrum av denne grunn kan ha vore avgrensa. Plankravet kan i fleire tilfelle ha stoppa grunneigarar som har mindre eigedomar frå å dele i frå og byggje ut, då slike planprosessar er omfattande og medfører store kostnader for tiltakshavar».

Vidare heiter det at «rådmannen meiner at med ein ny kommunedelplan som har klare føringar for framtidig utbygging og der detaljgraden blir relativt stor, vil det ikkje vere naudsynt å stille plankrav for enkelte, spesifikke tiltak. Dette vil gi ein enklare saksprosess og moglegheit til å ta raskare avgjersler om tiltak i og rundt sentrum, utan planprosessar og dispensasjonar. Det må likevel stillast plankrav i tilfelle kor det blir opna for meir omfattande utbygging, eller der utbygginga krev tilrettelegging av infrastruktur eller liknande. Ein kommunedelplan som skildrar her, vil såleis kunne sikre ein meir forsvarleg utbygging av sentrum og samtidig opne for meir utbygging».

I tidsperioden 2010 og fram til i dag har det vore nokre mindre reguleringsplanar i sentrum, men utover dette har planavdelinga basert arbeidet sitt på gjeldande kommunedelplan frå 2010 og arealbruken som er lagt til grunn der. I den grad det har vore nødvendig, er det gitt dispensasjon frå plankravet. Kommuneadministrasjonen legg i intervju vekt på at dette ikkje har vore noko optimal løysing dei siste ti-tolv åra, men at det ikkje har bremsa utviklinga i sentrum. Kommunen medgir at dei kanskje kunne hatt eit betre planverk i botn i ein del samanhengar, som reguleringsplanar, i staden for å operere med dispensasjonar eller berre ha kommunedelplanen som utgangspunkt. I intervju fortel dei tilsette i planavdelinga at dei har hatt innspela frå kommunestyret i bakhovudet under utarbeidinga av utkastet til ny kommunedelplan for Sveio sentrum.

I Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34 finn vi eit hovudmål: *Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet.* Hovudmålet er delt inn i to delmål, som kvar seier noko om kva kommunen ønskjer:

1. Kommunen ønskjer leggja til rette for å auka attraktiviteten i sentrum for innbyggjarane og besøkjande.

¹⁷ Sak 025/15

2. Kommunen ønsker å leggja til rette for auka bustad- og næringsaktivitet i sentrum.

Kvart av desse delmåla har ulike strategiar. Det vil seie kva kommunen ønskjer å gjere for å nå desse måla. I høyringsutkastet finn vi 13 tiltak/strategiar totalt:

Til delmål 1 er det sju tiltak/strategiar:

1. Setja av tilstrekkeleg med areal til handel- og servicefunksjonar
2. Definerer miljøgate
3. Sikra at det er gode turstiar i og rundt sentrum og tilgjenge til friluftsområde og til Vigdarvatnet
4. Synleggjere kulturhistoriske element som viktige identitets- og miljøverdiar i sentrumsområda for å styrkja staden sin lokale identitet, historie og særpreg
5. Sikra at det er kultur- og idrettstilbod i sentrum
6. Arbeida for å skapa eit trygt sentrum
7. Leggja vekt på trafikksikring og at det er tilstrekkeleg med parkeringsplassar i sentrum

Til delmål 2 er det skissert seks tiltak/strategiar:

1. Aktivt bruka planprosessar til å skapa gode føresetnader for vidare utvikling
2. Gjere det enkelt å etablere næring og bustader, utan omfattande planprosessar (detaljere sentrumsplanen)
3. Auka bustadkonsentrasjonen for å skapa større folketalsgrunnlag for aktivitetar og næringsetablering
4. Auka bustadkonsentrasjonen for at flest mogleg i sentrumsområdet har kort avstand til handels- og servicefunksjonar
5. Leggja til rette for bustadbygging med livsløpstandard (eks. eldrebustader)
6. Ha dialog med aktuelle næringsaktørar i sentrum

I intervju framhev kommunen at dei har freista utarbeida ein kommunedelplan med klare føringar for framtidig utbygging og høg detaljgrad, slik at det ikkje skal vere naudsynt å stille plankrav for enkeltspesifikke tiltak. Håpet er at planutkastet slik det er utarbeida, skal gi ein enklare saksprosess og moglegheit for raske avgjersler.

Verd å merka seg er at høyringsutkastet til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 er merka «planomtale» på framsida. Dette betyr at dette dokumentet ikkje er juridisk bindande, men må sjåast som eit utvida saksframlegg som syner tankane bak plankartet og føresegnene. Planomtalen/ høyringsutkastet si hovudoppgåve er gi informasjon om bakgrunnen og skal gi ei forklaring på innhaldet i plankartet og føresegnene. Dessutan er planomtalen/høyringsutkastet

meint å vere eit hjelpemiddel ved sakshandsaming i bygge- og delingssaker og ved reguleringsplanarbeid, for å sikra strategiske grep i utviklinga av kommunen.

I intervju fortel kommunen at det berre er plankartet m/ tilhøyrande føresegner som er juridisk bindande. Planomtalen, kommunen sine ROS-analyse og konsekvensutgreiinga i samband med planarbeidet inngår som ein del av plandokumenta, men er ikkje å rekne som juridisk bindande. Sidan dei overordna føringane for utviklinga i Sveio allereie ligg i den politisk vedtekne planstrategien og i forslag til ny kommuneplan m/ samfunnsdel, blir hovudoppgåva til arealplankartet å avklara dei arealmessige forholda. Det nye arealplankartet viser kor det vil vere mogleg å gjere endringar, status er for ulike utbyggingsområde og kva område som må vernast mot utbygging.

Ei nærmare omtale av plandokumenta si ulike juridiske stilling blir gjort greie for på side 18 i planomtalen/høyringsutkastet. I tillegg er forsidesittelen på planomtalen/høyringsutkastet «Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-32» fått lagt til omgrepet «planomtale».

1.5.5 KORLEIS PLANEN SKAL FØLGJAST OPP

Når det gjeld korleis kommunen har tenkt å følgja opp målsetjingane med tiltak og ressursar, og korleis det skal rapporterast, får vi opplyst at det førebels ikkje er avklart i kva grad dette vil vere aktuelt, då kommunedelplanen er å rekne som ein rein arealplan med føresegner, som skal leggja grunnlaget for vidare utvikling av Sveio sentrum.

Vidare framhev kommunen at ein kommuneplan m/ samfunnsdel og ein kommunedelplan skil seg frå kvarandre. Ein kommuneplan beskriv korleis kommunen skal utviklast framover, medan ein kommunedelplan som denne ikkje har ein tekstdel som kan vere styrande/leggje føringar for utviklinga i kommunen. I Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 er det ein stad-analyse som er lagt til grunn, og alt munnar ut i eit plankart som syner arealbruken i sentrumsområdet, med tilhøyrande føresegner som på si side gir detaljar for korleis utbygginga skal gå føre seg.

Når det gjeld korleis dette skal dekkast inn økonomisk, blir spørsmålet dermed kven som skal stå for utbygginga og utviklinga i Sveio sentrum, nærmare bestemt om det skal vere private eller offentlege aktørar, og korleis dette i så fall skal finansierast.

1.5.6 EVALUERING/ REVIDERING I PLANPERIODEN DEN GJELDER FOR

I intervju får vi opplyst at Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-23 framleis er under utarbeiding, og at kommunen av denne grunn så langt ikkje har tatt stilling til spørsmålet om evaluering/ revidering i planperioden den skal gjelde for. Men kommunen framhev at det

naturlege vil vere å vurdere ein evaluering og/eller rullering i samband med kommunen sin rullering av planstrategien, som går føre seg ved inngangen til kvar kommunestyreperiode.

1.5.7 VÅR VURDERING

Etter vår vurdering ser høyringsutkastet til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 ut til å bli eit godt styringsverktøy. Dei 13 strategiane/tiltaka gir planen ei retning, då tiltaka er konkrete og skildrar føremålet med desse. For å sikra samanheng mellom viktige funksjonar i sentrum er planen forsøkt utforma på eit overordna nivå, men samtidig så detaljert at den kan fungera som eit styringsverktøy for detaljplanlegging og handsaming av tiltak.

Planomtalen/høyringsutkastet blir i følgje kommunen å rekne som eit utvida saksframlegg som viser tankane bak, og som forklarar innhaldet i plankartet og føresegnene. Dokumentet er dessutan meint som eit hjelpemiddel ved sakshandsaming i byggje- og delingssaker, ved reguleringsplanarbeid, og i samband med strategiske grep for den kommunale utviklinga.

Medan arealkartet med føresegner er juridisk bindande, har planomtalen ikkje juridisk bindande status. Etter vår vurdering kan ei slik oppsplitting virke forvirrande for utanforståande, då dette poenget ikkje kjem tydeleg fram før på side 18 i planomtalen/ høyringsutkastet. Profesjonelle partar vil truleg ha kjennskap til dokumenta si ulike juridiske status, men dette gjeld truleg ikkje andre innbyggjarar. Dei ulike plandokumenta si ulike juridiske stilling bør difor etter vår oppfatning koma tydelegare fram i byrjinga av dokumentet.

1.6 NÆRINGSPLAN FOR SVEIO KOMMUNE 2022-27

1.6.1 REVISJONSKRITERIER

I vedtekne Planstrategi for Sveio kommune heiter det at «kommunen sine planar er viktige verktøy for å synleggjere felles mål og prioriteringar, slik at ein kan møte kommunen sine utfordringar på best mogleg måte».

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging¹⁸ heiter det at kommunale planer skal ha konkrete mål. Her kan vi lese at «Konkretisering av planane skjer gjennom ein god kopling mellom planen sin handlingsdel og kommunen sin økonomiplanlegging. Det er her ansvaret blir plassert og planen sikrast gjennomføring».

¹⁸ Rettleiar frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Vedtatt i kongeleg resolusjon 14.05.2019.

Ut frå desse føringane nasjonalt og lokalt har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til kommunen):

- Kommunen skal utarbeide ein næringsplan med tydelege målsettingar, nærmare bestemt målsettingar som er avgrensa og konkrete, og kor det er skissert korleis desse skal følgjast opp.

1.6.2 KVEN SOM HAR TATT INITIATIV TIL PLANEN

Utarbeiding og rullering av Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 ligg inne i kommunen sin Planstrategi for 2020-23. Sistnemnde ble vedtatt av kommunestyret den 15.06.2020¹⁹. Sidan utarbeiding av næringsplanen er nedfelt i planstrategien, er det eit politisk ønske at Sveio kommune skal ha ein næringsplan å styre etter.

I kommunestyret sitt vedtak knytt til planstrategien, ligg det eit krav om at næringsplanen skal behandlast i Hovudutval for teknisk og næring og formannskapet, før endeleg godkjenning i kommunestyret. Oppstart av arbeidet med ny strategisk næringsplan for perioden 2022-27 blei vedtatt av formannskapet den 22.03.2021, og i tråd med kommunestyret sitt vedtak blei planen lagt fram for Hovudutval for teknisk og næring og formannskapet, før planen blei sendt på høyring. Som nemnd i innleiinga av rapporten hadde utkastet til Næringsplan 2022-27 høyringsfrist 25.08.2022.

1.6.3 BLEI KONSULENTBISTAND NYTTA?

Då kommunen gjekk i gang med å utarbeida ein ny næringsplan, valde kommunen å henta inn eksterne ressursar i arbeidet. Bakgrunnen for dette var få ressursar til planarbeidet internt. Kommunen inngjekk eit samarbeid med Atheno AS som har ytt bistand i utarbeidinga av utkastet. I tillegg har Rådmannen oppnemnd ein prosjektleiar, ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe, beståande av eigne tilsette, og vi får opplyst at desse har hatt jamlege arbeidsmøte. Dessutan har kommunen lagt til rette for medverknad frå næringslivet undervegs i utarbeidinga, blant anna gjennom fleire gruppesamlingar.

1.6.4 EIGNA Å STYRE ETTER?

I intervju framhev kommunen at næringsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for politikarar og kommuneadministrasjonen for å kunne ta gode avgjersler knytt til næringssspørsmål. Næringsplanen er meint å vere styrande for forvaltninga si sakshandsaming av næringssspørsmål

¹⁹ Sak 067/20.

på ulike nivå og når det gjeld prioritering av tenester. Dei intervjuar framhev at det i planen blir lagt vekt på å synleggjere kommunen si rolle og kva avgrensingar som gjer seg gjeldande mot næringslivet sine oppgåver.

I Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 finn vi fem strategiske satsingsområde for kommunen:

- Kommunen som tilretteleggjar
- Reiseliv og kultur
- Bulyst
- Grøn Sveio, ein berekraftig kommune
- Landbruk og havbruk

For å styrka planen som styringsverktøy, har kommunen vald å utarbeida ein eigen handlingsplan til næringsplanen. I handlingsplanen finn vi omtale av prioriterte satsingsområde, tiltak og korleis desse skal finansierast. I tillegg spesifiserer handlingsplanen korleis kommunen ønskjer å prioritere innanfor dei ulike satsingsområda. Kvart av dei fem satsingsområda har fått fleire tiltak, og totalt er det tale om 43 tiltak knytt til satsingsområda i handlingsplanen.

I intervju framhev kommunen at tiltaka må karakteriserast som både konkrete og generelle, og at dess meir konkrete dei er, dess betre blir ein slik plan. På politisk nivå herskar det delte oppfatningar om korleis næringsutvikling skal gå føre seg, og skal ein slik plan bli vedtatt, vil det skapa ekstra utfordringar å få planen vedtatt dersom tiltaka er for konkrete. Sett frå kommunen si side, risikerer ein dermed at planprosessen stoppar opp. I utarbeidinga av planen har kommunen difor forsøkt å veie desse omsyna mot kvarandre.

Vi får opplyst at det førebels ikkje er avklara korleis næringsplanen med tilhøyrande handlingsplan skal følgjast opp. Men på område det vil vere naturleg, vil aktuelle tiltak bli lagt inn. I utkastet til næringsplan og handlingsplan har kommunen forsøkt å trekke inn målsetjingar og tiltak frå den overordna kommuneplanen og andre overordna planar, då desse planane må sjåast i samanheng. Det vil ikkje vere mogleg å halde seg til næringsplanen åleine - det vil òg vere naudsynt å sjå hen til andre planverk. Koordineringsansvaret for implementering av planane ligg hos rådmannen/ den overordna leiinga, som vil ha oppgåva med å få planane implementert i organisasjonen, og skapa samhandlinga som er naudsynt for å sikra at både næringsplan, kommuneplan, kommunedelplan og andre aktuelle planverk blir følgt opp, blir det framheva.

Dersom det blir aktuelt å gi nokon eit særskilt ansvar for å følgja opp næringsplanen og tiltak i handlingsplanen, må dette i så fall forankrast på overordna administrativt nivå i kommunen, får vi opplyst. Dette handlar om strategisk tenking og planlegging generelt i Sveio. Rådmannen og hans

leiargruppe har eit ansvar for å implementere næringsplanen og tiltaka i kommuneorganisasjonen, og for å få organisasjonen til å etterleva desse. Her må ein evna å sjå samanhengar og ha oversyn/ sjå heile biletet, kva omsyn som gjer seg gjeldande, og korleis ein kan skapa eit samfunn prega av samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Kommunen ønskjer ein aktiv plan som er i bruk, og oppfølging blir difor viktig.

Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 blei nyleg vedteken (12. desember 2022). Kommunen legg her opp til at handlingsdelen skal bli revidert årleg. Den nye eininga Samfunnsutvikling som skal etablerast frå årskiftet 2022/23, vil ha som hovudoppgåve å følgja opp denne planen og næringsutviklinga i kommunen.

Næringsplanen sine ulike tema heng saman med Kommuneplanen. I intervju framhev kommunen at det av denne grunn vil vere tydeleg kven som er eigar av næringsplanen og kven som skal følgje denne opp. I samband med den årlege revideringa av handlingsdelen vil det vere naturleg å rapportera på måla i planen.

Sidan næringsplanen ikkje er vedtatt, er det ikkje aktuelt å ta stilling til spørsmålet om evaluering og revidering av planen. Men høyst sannsynleg vil det bli aktuelt med en rullering i samband med revisjon av planstrategien, får vi opplyst (planstrategien blir som nemnd rullert ved inngangen til kvar kommunestyreperiode).

1.6.5 VÅR VURDERING

Planen har fem hovudsatsingsområde og mange tiltak. Dette gjev planen ei tydeleg retning, samstundes som det er formulert resultatmål. For ein næringsplan, som går på tvers av sektorar og som inneheld mange satsingsområde og tiltak, vil det vere spesielt viktig med ei tydeleg plassering av ansvaret for oppfølginga av tiltak. Dette ser det ut til at Sveio kommune har eit bevisst forhold til, og at kommunen har planar for korleis dei skal sikra at næringsplanen blir følgt opp.

1.7 JORDBRUKSPLAN 2022-27

1.7.1 REVISJONSKRITERIER

I vedtekne Planstrategi for Sveio kommune heiter det at «kommunen sine planar er viktige verktøy for å synleggjere felles mål og prioriteringar, slik at ein kan møte kommunen sine utfordringar på best mogleg måte».

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging²⁰ heiter det at kommunale planer skal ha konkrete mål. Her kan vi lese at «Konkretisering av planane skjer gjennom ein god kopling mellom planen sin handlingsdel og kommunen sin økonomiplanlegging. Det er her ansvaret blir plassert og planen sikrast gjennomføring».

Ut frå desse føringane nasjonalt og lokalt har vi utleia følgjande revisjonskriterier (det vil seie krav eller forventningar til kommunen):

- Kommunen sin jordbruksplan skal ha tydelege målsettingar, nærmare bestemt målsettingar som er avgrensa og konkrete, og kor det er skissert korleis desse skal følgjast opp.

1.7.2 INITIATIV TIL PLANEN

I intervju fortel kommunen at Sveio ikkje har utarbeidd nokon ein eigen jordbruksplan. I staden er temaet landbruk eit av fleire tema i Næringsplan for Sveio kommune 2022-27. Sidan landbruk er den største næringa i Sveio, har det vore naturleg leggje inn landbruk som eit eige tema i næringsplanen.

Hausten 2021 blei det ytra eit politisk ønskje om at det skulle utarbeidast ein eigen jordbruksplan. Men sidan dette ikkje er i samsvar med kommune sin vedtekne planstrategi, blei ein slik planprosess ikkje starta opp. Men når gjeldande planstrategi skal rullerast vil det vere mogleg å koma tilbake til dette spørsmålet. Frå kommunen blir det framheva at den politisk vedtekne planstrategien er meint å vere eit styringsverktøy for administrasjonen og politikarane, og ein må difor forvente at politikarane som sjølv har vedtatt planstrategien, etterlev denne.

1.7.3 VERDIFULLT KARTLEGGINGSARBEID

For ti-femten år sidan blei det gjort eit forsøk på å utarbeida ein eigen jordbruksplan. Kommunen kom den gongen eit stykke på veg, men planarbeidet blei aldri fullført. I samband med dette arbeidet blei det gjennomført ein del kartleggingsarbeid, både ved hjelp av eigne tilsette og innleigde ressursar. Til dømes gjaldt dette ei kartlegging av kjerneområdet for landbruk og lynghei. Sjølv om planprosessen stoppa opp den gongen, har resultatane frå desse kartleggingane vist seg nyttige i arbeidet med å ferdigstilla både utkastet til ny næringsplan og kommuneplan.

1.7.4 EIGNA Å STYRE ETTER OG KORLEIS «PLANEN» SKAL FØLGJAST OPP

²⁰ Rettleiar frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Vedtatt i kongeleg resolusjon 14.05.2019.

I intervju framhev kommunen at Sveio per i dag ikkje har vedtatt nokon eigen Jordbruksplan som kan fungera som eit styringsverktøy, og det vil ikkje vere naturleg å ta stilling til i kva grad temaet landbruk i næringsplanen er egna å styra etter eller korleis dette skal følgjast opp. Det riktige vil vere i seie at landbruk og havbruk eitt av fleire prioriterte satsingsområde i næringsplanen, med tilhøyrande handlingsplan. Her er det med andre ord næringsplanen som er styringsverktøyet, medan landbruk er eit prioritert satsingsområde i styringsverktøyet.

1.7.5 VÅR VURDERING

I vedtatt mandat for forvaltningsrevisjonsprosjektet ligg det ein forventning om at Sveio kommune har utarbeida ein eigen jordbruksplan, slik dette mandatet er formulert. Men å ha ein eigen jordbruksplan er frivillig for kommunane, og det kan variera kva ein slik plan skal innehalda. For Sveio kommune har det så langt vore naturleg legge landbruk inn som eit av fleire tema i kommunen sin næringsplan. I kva grad kommunen skal ha ein eigen jordbruksplan vil politikarane ha moglegheit til å ta stilling til neste gong kommunen skal rullera gjeldande planstrategi.

1.8 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane blir følgt opp. I møte 31.01.2022 valde Kontrollutvalet ut fire planar som case for å belysa problemstillingane i mandatet.

Basert på 11 strategiske val omtala i planstrategien, trekk forslaget til ny kommuneplan fram åtte prioriterte satsingsområde som skal danne grunnlaget for utviklinga i Sveio kommune. I kommuneplanutkastet blir det framheva at dette er åtte satsingsområde kommunen ønskjer å prioritera. I intervju fortel kommuneadministrasjonen at dei åtte hovudmåla vil vere avgjerande for val av tiltak og prioriteringar i kommunen sine ulike einingar.

I kommuneplan for Sveio 2020-32 finn vi 112 tiltak fordelt på desse åtte hovudmåla. Medan nokon er av meir overordna karakter, er andre meir konkrete og knytt til bestemte fagområde. Den einskilde eining er gitt betydeleg fridom og handlingsrom i arbeidet med å følgja opp kommuneplanen, og skal nytta måla i kommuneplanen som utgangspunkt for eigne planar og behov. Den einskilde eining treng ikkje forhalda seg til alle dei 112 tiltaka, men må plukka ut dei mål og tiltak som er relevante. Etter vår vurdering ser forslaget til ny kommuneplan ut til å bli eit godt styringsdokument.

Kommunen har laga ein mal for korleis årsmeldingane til den enkelte eining skal utarbeidast, som inneheld mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Når den enkelte eining utarbeidar si

årsmelding i februar, skal den enkelte eining svara ut korleis det gjekk med måla, og om måla blei nådd. Eit døme på dette er korleis NAV og barnevernet har arbeida for å redusere barnefattigdom, som er eit mål kommuneplanens samfunnsdel. På denne måten sikrar kommunen at kommuneplanen blir følgt opp på ein god måte, etter vår vurdering.

I Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34 finn vi eit hovudmål: «*Sveio kommune skal styrkja sentrumsutviklinga og gjera Sveio sentrum attraktivt for etablering av sentrumsfunksjonar, busetting og næringsaktivitet*». Hovudmålet er delt inn i to delmål, som kvar seier noko om kva kommunen ønskjer, og kvart av desse delmåla har ulike strategiar (kva kommunen ønskjer å gjere for å nå desse måla). I høyringsutkastet finn vi 13 tiltak/strategiar totalt. Her har kommunen freista utarbeida ein kommunedelplan som skal gi ein enklare saksprosess og moglegheit for å ta raske avgjersler. I utkastet finn vi klare føringar for framtidig utbygging, kombinert med høg detaljgrad, slik at det ikkje skal vere naudsynt å stille plankrav for enkeltspesifikke tiltak. Forslaget til kommunedelplan for Sveio sentrum vil såleis kunne fungere som eit godt styringsdokument.

I Næringsplan for Sveio kommune 2022-27 finn vi fem strategiske satsingsområde for kommunen. For å styrka planen som styringsverktøy, har kommunen vald å utarbeida ein eigen handlingsplan til næringsplanen. I handlingsplanen finn vi omtale av prioriterte satsingsområde, tiltak og korleis desse skal finansierast. I tillegg spesifiserer handlingsplanen korleis kommunen ønskjer å prioritere innanfor dei ulike satsingsområda. Kvart av dei fem satsingsområda har fått fleire tiltak, og totalt er det tale om 43 tiltak knytt til satsingsområda i handlingsplanen.

Tiltaka må karakteriserast som både konkrete og generelle, og at dess meir konkrete dei er, dess betre blir ein slik plan. Her har kommunen tek omsyn til at det på politisk nivå herskar delte oppfatningar om korleis næringsutvikling skal gå føre seg. Er tiltaka for konkrete, risikerer ein at planprosessen stoppar opp. I utarbeidinga av planen har kommunen veid desse omsyna mot kvarandre på ein god måte.

I planarbeidet har Sveio kommune utfordringar med å halda ønskja framdrift i takt med vedtekne Planstrategi. Dette gjeld spesielt Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34, i tillegg til fleire andre planar²¹. Hausten 2022 har kommunen satt i verk fleire tiltak for å sikra kommunen sin plankompetanse og for å auka kapasiteten, noko som må seiast å vere positivt, men med desse tiltaka er det òg å forventa at kommunen evnar å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi, etter vår vurdering.

²¹ For ein fullstendig oversikt, sjå rapportens vedleggsdel

Høyringsutkastet til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 er merka «planomtale» på framsida. Dette betyr at dette dokumentet ikkje er juridisk bindande, men må sjåast som eit utvida saksframlegg som syner tankane bak plankartet og føresegnene. Vi får opplyst at planomtalen/høyringsutkastet si hovudoppgåve er gi informasjon om bakgrunnen og at planomtalen skal gi ei forklaring på innhaldet i plankartet og føresegnene. Dessutan er planomtalen/høyringsutkastet meint å vere eit hjelpemiddel ved sakshandsaming i byggje- og delingssaker og ved reguleringsplanarbeid, for å sikra strategiske grep i utviklinga av kommunen.

Men det er berre plankartet m/ tilhøyrande føresegner som er juridisk bindande. Planomtalen, kommunen sine ROS-analyse og konsekvensutgreiinga i samband med planarbeidet inngår som ein del av plandokumenta, men er ikkje å rekne som juridisk bindande. Etter vår vurdering kan kommunen med fordel få tydelegare fram plandokumenta si ulike juridiske status. Denne oppsplittinga kan virke forvirrande for utanforståande, då dette ikkje blir forklart før på side 18 i planomtalen/ høyringsutkastet. Profesjonelle partar vil truleg ha kjennskap til dokumenta si ulike juridiske status, men truleg gjeld dette ikkje andre innbyggjarar.

På denne bakgrunn tilrår revisjonen Sveio kommune å:

- Sikre at kommunen til ei kvar til har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.
- I forslaget til ny Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 kan kommunen med fordel tydeleggjere plandokumenta si juridiske status. Dette kjem ikkje tydeleg nok fram i høyringsutkastet, etter vår vurdering.

2 VEDLEGG

Kjelder:

Munnlege kjelder:

- Fungerande rådmann i Sveio kommune
- Kommunalsjef for Teknisk og Utvikling
- Einingsleiar Plan og Næring
- Samfunnsplanleggjar

Skriftlege kjelder:

I møte 31.01.2022 valde Kontrollutvalet ut fire planar som case for å belysa problemstillingane i mandatet. I prosjektet har vi sett nærmare på følgjande plandokument:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-32 (versjon per 29.08.2022).
- Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34. Her har vi lagt høyringsutkastet til grunn. Høyringsfristen var 25.08.2022.
- Næringsplan for Sveio kommune 2022-27. Her har vi òg lagt høyringsutkastet til grunn. Høyringsfristen var 20.08.2022.
- Sveio kommune har ingen eigen jordbruksplan, men i næringsplanen er landbruk eit av fleire tema.
- Vi har òg sett nærare på kommunen sin overordna Planstrategi, som blir rullert kvart fjerde år.

Planoversyn – Planoppgåver i perioden 2020-23

Lista under syner alle overordna planar i kommunen og status for planprosessen per november 2022. Reguleringsplanar etter plan- og bygningslova, lokale beredskapsplanar og mindre planar på einingsnivå er ikkje teke med. Lista kan seiast å gi ein oversikt over det samla planbehovet i kommunestyreperioden, på tvers av fagområde.

Kommunen opplyser at det ikkje er aktuelt eller føremålstenleg å revidera alle planane, men alle planane er tatt med for å gi ein samla planoversikt. Dette inneber at òg planar som ikkje er omfatta av plan- og bygningslova er tatt med i oversikta. I lista finn vi oppstartsår for planarbeidet, og dersom det er venta at planarbeidet vil ta meir enn eit år, er dette angitt med eit kryss i parentes.

Gjeldande overordna planar i Sveio kommune

PLANBEHOVET	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Status november 2022
Overordna planar										
Eksisterande planar										
Økonomiplan 2016-2019	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Arleg
HMS handlingsplan	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Arleg
Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023	x	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)				Samfunnsdel akseptert av kommunestyre juni 2020. I gang med KU for innspel etter vedtatt retningslinjer av KOM 26 september 2022.
Beredskapsplan for kommunal kriseleiling 2016- Arleg <u>gjorthal</u>								x		Eksisterande plan, med kontinuerleg revisjon av varslingslister og ressursoversikter
Energi- og klimaplan for Sveio kommune 2011-2015						x	(x)			Planprogram på høyring
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Sveio kommune 2013-					x					Utkast til analyse er til vurdering/innspel i organisasjon
Nye planar										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Overordna beredskapsplan samlande oversikt over alle lokale beredskapsplanar i kommunen							x			Ikkje satt i gang

Plan- og næring	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Kommunedelplan for Sveio sentrum Starta opp planarbeid i 2016	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)				Planen har vært på offentlig ettersyn. Varsel om <u>innsigelse</u> .
Kommunedelplan for Førde										Ikkje vedtatt i perioden
Sveio næringsplan 2014-2018						x	(x)			Har vært til høyring. Sak til politisk handsaming i haust
Ca 131 reguleringsplanar og utbyggingsplanar Ikkje planlagd reviderte men kan likevel bli aktuelt i samband med kommuneplanarbeidet.										Ikkje vedtak
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Nye planar										
Områdeplan for Ekrene Vest under utarbeiding	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)				Planforslag handsama i Kommunestyre, september 2020 og avvist. Politisk sak til handsaming i haust
Områdeplan Vikingland under utarbeiding	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)			Konsekvensvurdering ferdig. Arbeidet satt på vent på grunn av utfordringar med å finansiere prosjektet.

Drift- og anlegg										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Trafikksikringsplan for Sveio 2009-2012 Ny plan lagt ut på høyring 2016								x		Gjeldande plan er for perioden 2017-2028. Arbeid med ny plan ikkje sett i gang.
Hovudplan Vassforsyning for Sveio 2011-2023						x	(x)			Ikkje satt i gang
Planlagde planar										
Reguleringsplan Håvåsen 3 (evt. byggemodning i 2023 og sal i 2024)						x	(x)			Ikkje satt i gang.
Gang- og sykkelveg Ekrene-Vikse Under utarbeiding	x	(x)	(x)	(x)	(x)	(x)				Kartgrunnlag utarbeida. Del av trasse utbygd.
Reguleringsplan for gang – og sykkelveg Auklandshamn skule-Øklandnes								x		Dialog mot Fylkeskommunen starta. Konsulent valt.
Hovudplan Avløp for Sveio						x	(x)			Ikkje satt i gang
Vedlikehaldsstrategi							x			Ikkje satt i gang
Reguleringsplan badeanlegg ved Vigdartun					x	(x)				Reguleringsplan vedtatt

Helse og omsorg										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Overordna plan for helse og omsorg i Sveio – 2015-2019					x					Vert arbeidd med i 2022, planlagt vedtatt i 2023.
Ruspolitisk handlingsplan for 2016-2019					x					Er prolongiert , men så utsett gr. pandemi. Planlagt starta i 2023

Opplæringsplan for tilsette i helse og omsorg – Sveio 2016-2018 Årleg revisjon – føretas administrativt saman med verneombod og tillitsvalde		x	x	x	x	x	x	x	x	Oppdaterast årleg
Plan for sosial og helsemessig beredskap (2014).	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Oppdaterast årleg
Smittevernplan med pandemiplan Vedteke 2014	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Oppdaterast årleg
Plan for mottak, busetting og integrering av flyktingar i Sveio – 2016-2019					x					Vart ikkje rullert då flyktningsmottak vart stansa i 2020. Tar no i mot, så planen må nå skrivast igjen.
Planlagde planar										
Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2016-2019					x					Vart prolongiert , og deretter utsett gr. pandemi. Vil gjenopptas, og skrivast i 2023.

Skule og barnehage										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Kvalitetsutviklingsplan plan for skule og barnehage 2016-2020 Eksisterande plan var ferdig i 2016. Prosess er starta for handsaming av ny plan haust-2020	x				x					Ny plan vedteke november 2020
Barnehagebruksplan 2016-2026						x				Kommunen har for mange barnehageplassar ifht tal barn og behov.
										Planen er gjeldande til 2026. Det er derfor ikkje naudsynt med plan for utbygging, men kommunen vil sjå til andre planar og rullera barnehagebruksplanen ilt 2025.
SLT-plan 2016-2019						x				Vil sjåast i samanheng med oppvekstreforma, og ny plan for førebyggjande verksemd. Vurderas til ikkje vere trong for ein egen plan for SLT.
Planlagde planar										
Skulebruksplan 15.05.17:KOM vedtak om å utsetja skulebruksplan til utbygginga av Sveio skule er fullført					x	(x)				2021-2027

Kultur										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Kulturplan (2011) Må vurderast i samanheng med kapasiteten på avdelingane (blir påverka av badeanlegg og handlingsdel kulturminneplan og frivilligplanen							x	(x)		Ikkje starta
Delplan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2014 Har vore til årleg politisk handsaming	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Rullering pågåande nå
Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 Er i gong med revisjon av handlingsdel						x	(x)			Heile planen er under rullering.
Frivilligplan 2019-2023				x				x		2019-2023 – ikkje starta

IKT										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	

Eksisterande planar										
IKT strategiplan 2014-2017						x				Ikkje satt i gang. Planlagt når nye starta når ny leiar startar

OSK										
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	
Eksisterande planar										
Arkivplan for Sveio kommune						x				Arbeid starta

Eksisterande planar										
Arkivplan for Sveio kommune						x				Arbeid starta

Interkommunale planar											
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024		
Eksisterande planar											
Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020											Ikkje vedtak
Planlagde planar											
Geodataplan for Hordaland (i regi av Kartverket) Ajourhald av eksisterande plan for geodata som vert organisert fylkesvis/interkommunalt	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	Rullerast jamleg